




**JØLSTER KOMMUNE**

**Tenestekontoret**

Finansdepartementet  
PB 8008 Dep.  
0030 Oslo



15.09.2004

Vår ref  
SRØ 04 00886-006

Dykkar ref

Arkiv  
200

Løpenr  
003937/04

**MELDING OM POLITISK VEDTAK -  
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN - HØYRINGSFRÅSEGN TIL  
UTGREIING( NOU 2004:12) FRÅ SKATTEOPPKREVJARUTVALET**

Saka vart handsama i møte i Formannskapet den 14.09.2004, saksnr 0062/04. Det vart gjort følgjande vedtak:

Jølster kommune sluttar seg til høyringsfråsegnene frå sentralstyret i KS og styret i KS Sogn og Fjordane.

Jølster kommune meiner at skatteinnkrevjinga framleis må vere ei kommunal oppgåve. I denne vurderinga legg Jølster kommune særleg vekt på at ordninga i dag fungerer godt med høg løysingsgrad og gode resultat, god rettstryggleik og god brukarservice, effektiv drift og ressursbruk, at ordninga er under folkevald kontroll og innsyn, at ei eventuell statleggjering vil medføre store overgangskostnader og at konsekvensane ikkje er utgreidde.

Jølster kommune er samd med sentralstyret i KS om at skatteinnkrevjinga i Noreg kan gjerast enda betre, og meiner som KS at dette best kan skje innanfor ramma av kommunalt ansvar.

Med helsing  
Jølster kommune

*Svanhild Røkenes*  
Svanhild Røkenes  
Konsulent



**Jølster kommune**  
**Formannskapet**

Arkiv: 200  
Arkivsak: 04/00886-004  
Sakshandsamar: Jostein By

**Sak 0062/04**

**SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN - HØYRINGSFRÅSEGN TIL  
UTGREIING (NOU 2004:12) FRÅ SKATTEOPPKREVJARUTVALET**

Saksnr	Utval	Møtedato
0062/04	Formannskapet	14.09.2004

**Administrasjonen si tilråding:**

Jølster kommune sluttar seg til høyringsfråsegnene frå sentralstyret i KS og styret i KS Sogn og Fjordane.

Jølster kommune meiner at skatteinnkrevjinga framleis må vere ei kommunal oppgåve. I denne vurderinga legg Jølster kommune særleg vekt på at ordninga i dag fungerer godt med høg løysingsgrad og gode resultat, god rettstryggleik og god brukarservice, effektiv drift og ressursbruk, at ordninga er under folkevald kontroll og innsyn, at ei eventuell statleggjering vil medføre store overgangskostnader og at konsekvensane ikkje er utgreidde.

Jølster kommune er samd med sentralstyret i KS om at skatteinnkrevjinga i Noreg kan gjerast enda betre, og meiner som KS at dette best kan skje innanfor ramma av kommunalt ansvar.

**Sakstilfang (\*vedlagt):**

1. Brev av 18.06.04 frå Finansdepartementet (\*)
2. Brev av 02.07.04 frå KS til kommunane
3. Høyringsfråsegn av 20.08.04 frå sentralstyret i KS (\*)
4. Momentliste vedr. skatteinnkreving, utarbeidd av KS sentralt (\*)
5. Sakspapir frå handsaminga i KS Sogn og Fjordane, 17.08.04

**Utgreiing:**

Skatteoppkrevjarutvalet si utgreiing (NOU 2004:12 Bedre skatteoppkreving) er md brev av 18.06.04 frå Finansdepartementet lagt ut til høyring for alle kommunar, med høyringsfrist 01.10.04. Ein viktig bakgrunn for NOU 2004:12 er ønsket om å statleggjere norsk skatteinnkrevjing. Stortinget har både ved handsaminga av St.prp. nr. 44 i 1994 og ved handsaminga av St.prp. nr. 41 i 1996 avvist å statleggjere skatteinnkrevjinga i Noreg.

Fleirtalsinnstillinga i NOU 2004:12 tilrår at ansvaret for skatteinnkrevjinga vert overført frå kommunane til staten.

KS sentralt og KS Sogn og Fjordane har handsama saka.

Sentralstyret i KS har gjort følgjande samrøystes vedtak:

- "1. KS mener skatteinnfordringen fortsatt må være en kommunal eller felles- kommunal oppgave. Erfaringene vi har med skatteinnkreving som en kommunal oppgave er svært positive. Blant annet av hensyn til innbyggernes rettssikkerhet, skatteinnkrevningens brukervennelighet, ivaretagelse av lokaldemokratiet gjennom folkevalgt innsyn og kontroll, og ikke minst den gode løsningsgraden for inndrivelse av skattekrav, gjør at KS mener at skatteinnkrevningen fortsatt må være en kommunal oppgave.*
- 2. Kvaliteten på skatteinnkrevningen i Norge er meget god. KS mener det finnes flere forbedringsmuligheter som kan ytterligere forbedre skatteinnkrevningen i Norge. De kan gjennomføres innenfor rammen av fortsatt kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevningen."*

Styret i KS Sogn og Fjordane har gjort slikt samrøystes vedtak:

- "1. KS i samspel med aktuelle aktører, som NKK, vil bidra med utarbeidd informasjon og argumentasjon ovanfor høyringsinstansane til bruk i deira sakshandsaming, og for å sikre fortsatt kommunalt ansvar for skatteinnkrevninga i Norge.*
- 2. Fylkesstyret vil ta saka opp med Stortingsbenken for å gjere gjeldande dei framlagte argument for ikkje statlegging av skatteoppkrevarfunksjonen."*

KS Sogn og Fjordane oppmodar kommunane om å lage egne høyringsfråsegner innan høyringsfristen 1. oktober 2004 med bakgrunn mellom anna i vedlagte informasjon / argumentasjon frå KS

På møte i Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS) 18.08.04 var det semje om at SIS-kommunane sluttar opp om fråsegnene frå KS. Ordføraren og rådmannen i Jølster fekk i oppdrag å lage utkast til felles fråsegn frå SIS. Samstundes er det ønskjeleg at kvar kommune sender egne fråsegner.

Denne saksutgreiinga / tilrådinga til Jølster formannskap er samanfallande med innhaldet i utkastet til felles fråsegn frå SIS.

### **Vurdering av NOU 2004:12**

Sett frå kommunane sin ståstad er det ikkje naturleg at skatteoppkrevarfunksjonen vert flytta over frå kommunalt ansvar til statleg ansvar. Ei slik statlegging har fleire uheldige sider- både for samfunnet og for brukarane. Ei overvekt av saklege tilhøve talar for at skatteoppkrevjinga framleis skal utførast av kommunane. I stikkord kan desse argumenta oppsummerast slik:

1. Høg løysingsgrad / gode resultat
2. God rettstryggleik
3. God brukarservice
4. Kommunalt økonomisk sjølvstyre
5. Folkevald kontroll og innsyn
6. Effektiv drift og ressursbruk p.g.a. synergieffektar
7. Ivaretaking av distriktpolitiske omsyn
8. Skattebetalingsordninga i dag fungerer godt
9. Eventuell statleggjering vil medføre store overgangskostnader
10. Konsekvensane er ikkje utgreidde

Alle desse momenta bør tilleggjast vekt. Grunngevinga for kvart av momenta er godt omtala i momentlista som er utarbeidd av KS.

Moment 4 kan i dag seiast å vere mindre viktig enn før - av di det kommunale økonomiske sjølvstyret verkar til å vere svekka på ulike måtar. Likevel bør prinsippet om det kommunale økonomiske sjølvstyret liggje i botnen for den måten skatteinnkrevjinga vert organisert på.

På mange område ser det i dag ut som distriktpolitiske omsyn ikkje vert tillagt vekt av statlege styresmakter. Dermed vil truleg kommunane leggje større vekt på dette momentet enn statlege styresmakter gjer. Momentet er likevel ein viktig del av den heilskapstenkinga som bør liggje til grunn for den prinsipielle tenkinga om skatteinnkrevjaroppgåvene.

Jamvel om statlege styresmakter i dag ikkje vil leggje like stor vekt som kommunane på moment 4 og 7, er det god grunn for kommunane til å meine at dei andre 8 momenta må ha avgjerande vekt. Til saman bør desse gi den eintydige konklusjonen at skatteoppkrevjaroppgåvene framleis skal vere i kommunane.

Høyringsfråsegnene frå sentralstyret i KS og fylkesstyret i KS Sogn og Fjordane er godt dekkjande for det standpunktet som det er naturleg for Jølster kommune å gi uttrykk for i denne saka.